



Eikedalen er mellom anna plassen for klatre- og fjellsportsamlinga i juni måned.

Det vert klatre- og fjellsportsamling i Uskedalen 12. til 14. juni. Samlinga er for klatrarar og dei som vil utforska fjella i område til fots. På heimesida til Bergen og Hordaland Turleg les vi at Uskedalen i Kvinnerad byr på alt frå korte til lange, alt frå lette til vanskelege klatreruter på bombefast granitt. Helga vert brukt til å utforska fjellveggene i vakre omgivnader.

Det vert avreise frå Bergen fredag ettermiddag. Retur er søndag etter dagens klatreøkt. Helga er sett av til klatring på granittveggene i Uskedalen. Her er det både korte, lange og naturleg sikra klatreruter med graderingar frå 4 til 7. Klatringa er primært for folk som har klatra på kilar før.

Dette er ei samling for dei som kan klatra. Ein må ha god erfaring, eige utstyr og aller helst klatrepartnar. Dersom du ikkje har klatrepartnar, kan det ordnast. Klatreførar for Uskedalen kan kjøpast i sportsbutikkar. Førar ligg også ute på nettet.



Samlinga er for dei som har klatra før og som har eige utstyr.

Overnattinga er på Rabben camping og alle må ordna med mat sjølve. Det vert lagt opp til felles grilling. Samlinga er gratis. Alle nå dekkja kostnader med overnatting, reise og mat.

Det er atterhald om godt ver. Granittveggene i Uskedalen kan vera skummel i regn. Difor kan samlinga verta flytta i dårleg ver.

I veka frå 29. juni til 5. juli er det ny samling i Uskedalen. Då er det eit reint klatrekurs.

Tekst/ foto Henta og redigert frå heimesida DNT/ Bergen og Hordaland Turlag
Nett: Kristian Bringedal